



Referat

Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	12. september 2024 kl. 1000 - 1300
Møtestad:	Voss sjukehus
Møteleiar:	Torstein Hellesnes
Til stades:	Birger Lærum (Voss sjukehus) Gro Oma Fanebust (Helse Bergen, vara) Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Maria Vollsæter (Helse Bergen) Anne Kari Gjeraker (Bjørkeli DPS, vara) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Torstein Hellesnes (Ulvik herad), Terje Langeland (Kvam herad), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege), Eystein Hauge (kommuneoverlege) Britt Heidi Tefre (Unio) Line Lie (Fagforbundet) Atle Grung (brukarrepresentant føretak), Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Reidun Braut Kjosås (SSe kommunerepresentant)
Fråfall:	Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) Vegard Kolve (Bjørkeli DPS) Trude Hjortland (SSE føretaksrepresentant) Kjersti Nordanger (Voss herad)
Referent:	Reidun Braut Kjosås

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
26/24	Godkjenning av innkalling og saksliste Det var ingen merknader til innkalling og saksliste Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent	V
27/24	Godkjenning av referat fra 26. april 2024 Det var ingen merknader til referatet	V

28/24	<p>Orientering frå representantane</p> <p>Eidfjord</p> <ul style="list-style-type: none"> - Prosjekt heiltidskultur sidan 2022 (TØRN). Har større kontinuitet, men erfarer også at dei som har store stillingar får ein del overtid. Utfordringar med kvletid på langvakter (kompenserande kvile) - Legesituasjonen har vore bra siste tida men rekrutterer no til ledig stilling (lege i permisjon) - Sommaren gjekk fint i alle tenester - Sosial leiar har permisjon. Oppgåver fordelt på andre - Psykososialt kriseteam er under oppbygging - Helsehus. Har vurdert nybygg- rehabilitering. Beste løysinga ser ut til å vera rehabilitera der ein er i dag <p>Vaksdal</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nybygg er snart klar til innflytting etter 1 års utsetting - Vedtak om at alle sjukeheimspllassar blir flytta inn i eit bygg (samlokalisert i nybygg). - Tilsett ny einingsleiar (Kenneth Vik). Han møter i underutval for pleie og omsorg. <p>Ulvik</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vedtak i heradsstyre om nedlegging av 4 sjukeheimspllassar samt leggja ned ein fløy på sjukeheimen. Når sjukeheimen vart bygd vart behovet overvurderd. Denne delen av sjukeheimen vert omsorgsbustader med heildøgns omsorg. - Har utfordringar med kontinuitet i leiinga av i helse og omsorg - Arbeider med å samla tenester til barn- og unge i ei barne- og familieeininger (helsestasjon, skulehelseteneste, barnevern og PPT). <p>Kvam</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har vedtak om å leggja ned 8 heildøgns omsorgspllassar. Kommunen har mange omsorgspllassar men litt få sjukeheimsplasser. Vedtaket betyr at ein skal vri tenestene mot meir heimebaserte tenester (Tiltaket er ein del av innsparingsprogrammet i Kvam herad) - Legekontordekkinga er oppe til vurdering. Kjem til å komme opp som diskusjon utover hausten i forbindelse med budsjettarbeidet. - Deltek i TØRN og har eit eige oppgåvedelingsprosjekt. Handlar om helgetimar og heiltidsstillingar. Kjem til å testa ut ein ny turnusplanlegging som skal vera meir tenestestyrt. - Matvertprosjekt – eit ledd i oppgåvedeling. Sluttrapport i november. Vil skissera ei vidareutvikling. Erfarer at matvertprosjektet fører til rekruttering til helsefagarbeidar faget. <p>Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus</p> <ul style="list-style-type: none"> - Psykisk helsevern. Det er ønskje om ein kommunal representant frå kvart av områdeutvala til dette arbeidet (gjerne leiar frå ein ROP avdeling). Kommunane i OU Voss peiker ut ein representant til arbeidet. Sjå vedlegg for meir informasjon om arbeidet. - Det var fleire orienteringssaker frå Helse Bergen (sjå vedlegg): <ul style="list-style-type: none"> o Kurs i verdibasert radiologi (VeRaVest) o Infeksjonskontroll programmet – Regional kompetansesenter smittevern o Ny praksis for overføring av pasientar frå sjukehus til private rehabiliteringsinstitusjonar – pilot 01.10.24 o Mammografi-screening-tilbodet i buss på Voss vert flytta til Bergen o Møteplassen 2024 <p>Voss sjukehus</p>	O
-------	---	---

	<ul style="list-style-type: none"> - Nye Voss skal handsamast i styret i Helse Bergen i oktober. - Sjukehuset vert allereie målt økonomi og kompetanse (rekryttering). Det er krevjande men «lys i tunellen». - Fødselstala går ned. Få vil flytte frå Bergen til Voss. Vegen kan og vera ein barriere for at få til å flytte. Oppstår frå tid til annen tidskritiske fødslar - Økonomien går betre. Ikkje heilt i balanse men det går rett veg. Tilsette på sjukehuset står på og strekker seg for å få det til. - God rekryttering innan ortopedi. Hus hytte modeller (Voss – Haraldsplass og Voss – Hagavik) - Får også ny lege på medisinsk (kreft – palliasjon). Kan kanskje også få til eit samarbeid med kommunane. - Sjukehuset har god kompetanse på søvn. Henvis gjerne til oss (søvnsjukdommar) - Er i oppstartsfasen med å etablera brukarpanel. <p>Bjørkeli DPS</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har også drøftingar omkring langvakter. Erfarer at dette er særleg attraktivt for yngre arbeidstakrarar. - Ny leiar på poliklinikk; Anders Øvsthus - Ny rådgjevar er og på plass - Bra søknad på stillingar som psykolog, meir utfordrande å rekryttera sjukepleiarar. <p>Brukarrepresentantane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Foretaksrepresentanten sit i styringsgruppa for «Nye Voss». Einstemming til alternativ 2 for Voss sjukehus. Vil dette få konsekvensar for andre lokalsjukehus i området? Det er mellom anna laga avtaler med Haraldsplass. - Brukarutvalet i føretaket er uroa for situasjonen på KK. Dei føl situasjonen nøye. - Ny behandlingsform for kreft som er teke i bruk i Oslo. Vil etter kvart og bli nytta i Bergen (frå neste år). - Brukargruppa i Kvam er kritisk til prosessen omkring nedlegging av 8 omsorgsplassar ved Tolo omsorg. - Behovet for spesialistar ute i kommunane er stort. Mange treng også følgje, dette må pårørande sørge for. <p>Kommuneoverlege</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen innspel frå kommuneoverlegar - Voss herad jobbar med innsparingstiltak. Har også utfordringar knytt til rekryttering av fastlegar. <p>Fastlege</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fastlege representant i styringsgruppa for PLL. Har vore eit møte. Det er viktig å få til koordinert opplæring for sjukehus og kommunar i lokalsjukehousområde. - Representant i arbeidsgruppa som skal sjå på behov for revidering av særavtalen knytt til rekryttering av LIS1. - Samhandlingsmøte med sjukeheimslegene. Sjukeheimslegene ønskjer seg direktenr. til sjukehus (leger). Prøver å få laga telefonlister <p>Fagforeiningar – UNIO</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jobbar på foretaksnivå for å få ned ventelister - Få langvakter i Helse Bergen – men ser at spørsmålet oftare kjem opp. Kanskje ein må tenke litt nytt. Psykiatrien har litt langvakter. Behov for å større diskusjonar omkring dette temaet. Langvakter løyser ikkje alt, men kan bidra inn. <p>Fag forbundet</p>	
--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> - Deltek i TØRN - Etterlyser tidsfristar ved omleggingar og nedleggingar. - Langvakter – fagforbundet sentralt som avgjer og godkjenner vakter over 12 timer 	
29/24	<p>Bli betre kjent med medlemmane i OU Voss?</p> <p>Innspel som kom fram i drøftinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kanskje finna ei anna ordning. Til dømes temabasert? - Vil ta mykje tid og mange møter før me kjem gjennom alle representantane - Aktuelle tema <ul style="list-style-type: none"> o Langvakter – Berekraftige arbeidstidsordningar o Geriatrisatsing o Psykisk helse o Rehabilitering o Barn og unge – glasblokkene – nye BUK - Det er også behov for å ha ein betre struktur på «runden rundt bordet/orientering frå partane» <p>Vedtak: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ønskjer at det vert sett opp ei sak i kvart områdeutvalsmøte der eit tema vert nærmare belyst.</p> <p>OU Voss ber om at sekretariatet lagar forslag til retningslinje for «orientering frå partane» og kva som eventuelt bør meldast inn som eigne saker.</p>	D/V
30/24	<p>Orientering frå SSU</p> <p>Referat frå SSU møtet 31.mai 2024 og status for handlingsplanen vart gjennomgått.</p> <p>Til saka om utarbeiding av modell for samhandlingsbudsjett og kriteria for samhandlingsmidlar vart det oppmoda om å ta kontakt med Grete Lill Hjartnes eller Terje Langeland om ein har innspel til arbeidet. Dei deltek begge i dette arbeidet. Det er SSU som vedtek kriteria som arbeidsgruppa lager forslag til. Neste SSU møte er 22.okt.</p> <p>Konklusjon: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering</p>	O/D
31/24	<p>Riksrevisjonen vurderingar av rehabiliteringstenestene</p> <p>Oppfølging av Riksrevisjonens rapport om rehabilitering.</p> <p>Leiar for underutval for rehabilitering var spurd om å innleia omkring denne saka. Ho kunne ikkje delta i møtet men hadde laga eit notat og vore i dialog med Solrun Hauglum som innleia (sjå vedlegg).</p> <p>Innspel som kom fram i drøftingane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fastlegar opplever at det er vanskelegare å få plass på rehabiliteringstilbod no enn tidlegare. - Det vert stilt spørsmål om det kan vera aktuelt å sjå på interkommunale løysingar - Fleire peikar på at rapporten er trist lesing. Rehabiliteringstilbodet i Helse Vest er minimalt. Helse Vest har ulik praksis samanlikna med andre regionale helseføretak når det gjeld kompenserande tiltak for mangelfult tilbod i kommunane. - For mange pasientgrupper er rehabiliteringstilbod særleg viktig, og har effekt som også er betre enn effekt av medisinar. 	D/V

	<ul style="list-style-type: none"> - Utfordrande for små kommunar å dekke store kompetansefelt. Opplæring rettleiing i konkrete saker kan bidra til betre overgangar og betre tilbod lokalt. - Dette er ei stor sak som verken sjukehuset eller kommunane heilt får til. - Kanskje det må tenkast heilt nytt omkring rehabilitering. Me må våga å prøva ut nye metodar og nye tiltak. <p>Vedtak: Områdeutvalet takkar for oppdraget frå Strategisk samarbeidsutval.</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ber SSU om å vurdera å setja ned ei arbeidsgruppe som kan sjå nærmare på denne saka.</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ber underutval for rehabilitering om å jobba vidare med denne saka i lokalsjukehusområdet. Kva er mogeleg tiltak og korleis betra samhandlinga omkring rehabilitering i lokalsjukehusområdet?</p>	
32/24	<p>Kartlegging av eteforstyrriingar i Voss lokalsjukehusområde Linn Øyri, prosjektleiar og Klinisk ernæringsfysiolog for kommunane i lokalsjukehusområde orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon).</p> <p>Konklusjon: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde takkar for ei interessant orientering.</p>	O
33/24	<p>Presentasjon av Innomed Anita Das frå Pwc orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Konklusjon: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering.</p>	O
34/24	<p>TØRN- samhandling Grete Lill Hjartnes orienterte om oppstartsmøte i Stavanger 26.juni.</p> <p>Konklusjon: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering.</p>	O
35/24	<p>Referat frå underutvala</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rehabilitering, møte 08.05.2024 - UFAB, møte 19.06.2024 - Rus og psykisk helse, møte 06.06.2024 - Barn og unge, møte 30.05.2024 - Pleie og omsorg, møte 14.05.2024 <p>Det var ingen merknader til referata</p>	O
36/24	<p>Møteplan 2025</p> <p>Vedtak: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til møteplan for 2025</p>	V
38/24	<p>Søknad om støtte til Legevaktseminar</p> <p>Vedtak Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde løyver kr 60 000 til Hardanger og Voss legevaktdistrikt sitt Legevaktseminar 22.-23. november</p>	V

37/24	Eventuelt <ul style="list-style-type: none">- Helse Bergen minner kommunane om at dei må senda inn signert pandemiavtale samt vedtak om tilslutning til strategi for Helsefellesskapet	
-------	---	--

Neste møte: Torsdag 21.november (kalenderinnkalling er sendt i outlook. Saksliste og tilhøyrande saksgrunnlag kjem ei vike før møte).